

MØTEBOK

Område	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 11.00 Til kl. 15.00
Nordfjella	Villreinutvalet, årsmøte	Brakanes hotell	6.4.13	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar 11 medlemar møtte.

**Vara-
medlemar**

Andre Oppsynsleiar Håkon Øydvinn, sekretær Harald Skjerdal, Olav Rondestveit frå villreinnemnda.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/13 – 11/13.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

Møteboka er underskriven av Asle Feten og Magnus Ljone.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Styremedlemene i villreinutvalet, villreinnemnda v/sek. Siri W. Bøthun,
FM Sogn og Fj. v/Hermund Mjelstad.

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøte Møtedato: 6.4.13 Stad: Brakanes hotell, Ulvik

Sak 1/13. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart **samrøystes godkjend**.

Sak 2/13. Val av to til å skriva under møteboka

Asle Feten og Magnus Ljone vart **samrøystes valde**.

Sak 3/13. Årsmeldinga for 2012

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga.

Kjell Røkenes tok opp spørsmålet om eventuelle reaksjonar mot ufullstendig utfylling av korta. Terje Terum tok opp at det bør takast med at det meste av dyra i sone 2 trekte sørover, ut or villreinområdet, i månadsskiftet august – september. Med dette tillegget vart årsmeldinga **samrøystes godkjend**.

Sak 4/13. Rekneskapen for 2012

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapen, som er førd av Aurland Rekneskapskontor. Rekneskapen er enno ikkje revidert.

Samrøystes vedtak:

Under føresetnad av revisorgodkjenning vert rekneskapen godkjend.

Sak 5/13. Jaktresultat og oppsynsrapport for 2012

Lars Nesse gjekk gjennom jaktstatistikken, og Håkon Øydvin tok føre seg oppsynsrapporten. Årsmøtet tok desse rapportane til orientering.

Sak 6/13. Teljingar 2012 -2013

Harald Skjerdal orienterte om:

- Kalveteljing 27. juni 2012
- Strukturteljing oktober 2012
- Minimumsteljing februar – mars 2013

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøte Møtedato: 6.4.13 Stad: Brakanes hotell, Ulvik

Sak 7/13. Fellingskvote og lokal jakttid for 2013

Eit forslag frå styret vart lagt fram, med grunngjeving.

Samrøystes vedtak:

Fellingskvote: 1200 dyr
Fordeling: 30 % frie dyr, 35 % simle/ungdyr, 35 % kalv.
Lokal jakttid: 20. august – 25. september. Nattefreding kl. 19.00 – 07.00.

Villreinutvalet vil oppmoda alle jegerar om ikkje å skyta vaksen bukk etter den 15. september.

Sak 8/13. Budsjett for 2013, medlemskontingent og styregodtgjersle

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingent: 1 øre/daa
Oppsynstilskot: 2 øre/daa for private grunneigarar, 3 øre/daa for fjellstyra
Styregodtgjersle: 15000 kr. til leiar, 6000 til kasserar.

Styret sitt framlegg til budsjett vart **samrøystes vedteke**.

Sak 9/13. Arbeidsplan for 2013

Leiaren refererte det som står i driftsplanen om arbeidsoppgåver og tiltak i planperioden. Olav Rondestveit orienterte om arbeid som er igangsett i dei to nemndene i samband med forvaltinga av dyra som trekkjer mellom villreinområda.

Samrøystes vedtak:

Arbeidsplanen vert i samsvar med det som står i driftsplanen om arbeidsoppgåver og tiltak i planperioden. I tillegg skal det gjerast ein innsats for å vurdera den vidare forvaltinga av flokkane som trekkjer mellom NF og HV. Styret får fullmakt til å velja medlemar til eit eventuelt arbeidsutval.

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøte Møtedato: 6.4.13 Stad: Brakanes hotell, Ulvik

Sak 10/13. Val av leiar og nestleiar for 1 år

Samrøystes vedtak:

Leiar: Lars Nesse
Nestleiar: Sigmund Tveitehagen

Sak 11/13. Val av revisor

Samrøystes vedtak:

Styret får fullmakt til å velja revisor.

Etter avslutta sakliste vart det orientert om Borgund kraftverk sine planlagde tiltak ved Kvevassdammen, med fokus på parkering. Robert Øyen Einemo og Lars Nesse orienterte.

Møteboka underskriven av:

Asle Feten
Magnus Ljone